

**Fra:** Bertil Søfteland  
**Sendt:** fredag 4. juni 2021 14:58  
**Til:** Jon Askeland  
**Kopi:** Gunn Åmdal Mongstad; Rune Haugsdal  
**Emne:** SV: Ber om vurdering - Etikktvalet i habilitetssak

Hei Jon.

Her er Politisk sekretariat si vurdering:

### **Vurdering frå politisk sekretariat – etikktvalet i habilitetssak**

Dersom spørsmålet hadde vore om representanten Torvanger har handla i strid med dei etiske retningslinene som fylkestinget har vedtatt, hadde det vore naturleg å få etikktvalet si vurdering av dette. Det er jamvel ikkje det som er det aktuelle spørsmålet i saka no.

Etter at tilhøvet mellom Torvanger og Måren vart kjend ble det straks gjort ei vurdering frå Politisk sekretariat om i kva grad Torvanger hadde plikt til å melde i frå. Det har vore Politisk sekretariat si vurdering at Torvanger har hatt plikt til å melde i frå om forholdet. Sjå notat til fylkesrådmannen frå Politisk sekretariat av 5.5.2021.

Advokatfirmaet Thommessen AS leverte den 03.05.2021 si forundersøking – Habilitet. Thommessen fekk i oppdrag å kartlegge i kva grad det føreligg inhabilitet ved fylkeskommunens administrative saksførebuing og innstilling til vedtak i hovudutval for Opplæring og kompetanse i perioden frå 1. januar 2020 til dags dato.

KS Advokatene leverte den 28.05.2021 ei vurdering av om det føreligg plikt til å opplyse om eit fast kjærleiksforhold. KS fekk i oppdrag å gje «*ei rettsleg vurdering av om lei ar for hovudutval for opplæring og kompetanse, Karianne Alette Torvanger, har hatt plikt til å melde i frå/be om å få vurdert sin habilitet i lys av at ho har vore og er i eit fast forhold til seksjonslei ar i seksjon for «kvalitet i opplæringa», Kenth Rune Teigen Måren. Ber samstundes at det vurderast i kva grad det kan ha betydning for spørsmålet om plikten om Torvanger har vore oppfordra til å opplyse om forholdet*». Det er KS Advokatene si vurdering at Torvanger har hatt ei plikt til å opplyse om forholdet.

Som det kjem fram av ovannemnde er spørsmålet om i kva grad Torvanger har hatt plikt til å opplyse om forholdet godt utgreidd. Politisk sekretariat kan ikkje sjå at Etikktvalet vil kunne kome til noko anna konklusjon i ei vurdering av det spørsmålet slik saken nå er utgreidd.

Spørsmålet som det politisk må takast stilling til er om fylkestinget ønskjer å omorganisere eit av sine utval som følgje av saka med heimel i kommunelova § 5-7 siste ledd. Det er Politisk sekretariat si vurdering at saken er tilstrekkeleg opplyst utan ytterlegere uttale frå Etikktvalet til at fylkestinget kan ta avgjerd til dette.

Noko anna hadde det vore å be Etikktvalet drøfte og kome attende til fylkestinget om korleis Etikktvalet meiner at dei folkevalde skal forstå si rolle knytt til framtidige saker der det vert stilt spørsmål om den einskilde sin habilitet og korleis Etikktvalet vil rå fylkestinget til å forstå og praktisere dei etiske retningslinene knytt til spørsmålet om habilitet.

Avslutningsvis til Politisk sekretariat få frem at «alle folkevalde har rett til å melde inn sak til etikkutvalet. Saka meldast direkte til etikkutvalets leiar og tilvisinga skal vere skriftleg. Denne e-post vert difor send i kopi til Etikkutvalets leiar Gunn Åmdal Mongstad.

Link:

<https://www.vestlandfylke.no/politikk/for-folkevalde/handboker-og-reglement/etiske-retningsliner-og-etikkutal/>

Med helsing

**Bertil Søfteland**

Seksjonssjef

Politisk sekretariat  
Organisasjon og økonomi



tlf.: 97 41 97 60

[www.vestlandfylke.no](http://www.vestlandfylke.no)

*Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.*

---

**Fra:** Jon Askeland <Jon.Askeland@vlfk.no>

**Sendt:** tirsdag 1. juni 2021 15:39

**Til:** Bertil Søfteland <Bertil.Softeland@vlfk.no>

**Emne:** Ber om vurdering - Etikkutvalet i habilitetssak

I vurderinga om habilitet knytt til Karianne Torvanger, har det kome spørsmål om Etikkutvalet skal koplast inn.

Det er fylkesordførar si vurdering at Etikkutvalet ikkje skulle koplast inn, då Fylkeskommunen har kjøpt to eksterne vurderingar, som har konkludert. Begge rapportane har også konkludert med at representanten Torvanger har plikt til å melda habilitet, noko som ikkje er gjort.

Fylkesordførar har også vurdert det slik at løysinga i saka vert gjort mellom gruppeleiarane, evt av Fylkestinget. Dermed underbyggjer også dette at Etikkutvalet ikkje vert å koplå inn.

Ovannemnde har vore Fylkesordførar sine vurderingar, men ser det likevel som naturleg å få politisk sekretariat si vurdering om det same.

Fylkesordførar ønskjer ber derfor om politisk sekretariat sine vurderingar knytt til om Etikkutvalet kan ha ei rolle i denne saka, og gjerne med tilhøyrande argumentasjon for sekretariatet si vurdering.

Med helsing

**Jon Askeland**  
fylkesordfører



Tlf: 474 59 720  
[www.vlfk.no](http://www.vlfk.no)